

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.02.2025

Vår ref.: 202211253-53 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av tilleggsutgreiingar og forslag til avbøtande tiltak for Mauranger 2 kraftverk med overføringer og vilkårsrevisjon for Maurangervassdraga, Kvinnherad og Ullensvang kommunar i Vestland

NVE har fått tilleggsutgreiingar utført i 2024 med kommentarar og forslag til avbøtande tiltak frå Statkraft Energi for bygging av Mauranger 2 kraftverk med overføringer, Kvinnherad og Ullensvang kommunar i Vestland. Tilleggsutgreiingane og dei nye forslaga til avbøtande tiltak blir no send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 14.03.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er naudsynt. Søknaden blir difor send på høyring til dei som tidlegare har uttalt seg til saka.

Kva det vert søkt om

Statkraft søkte om konsesjon for Mauranger 2 med Blådal og Svartedal pumper med overføringer i mai 2022. Etter synfaring i 2023 krevde NVE om tilleggsopplysningar og ytterlegare utgreiing knytt til naturmangfald på land og i sjø. Tilleggsutgreiingane og Statkraft sine kommentarar og forslag til avbøtande tiltak er tilgjengelege på NVE si nettside for konsesjonssaka: www.nve.no/8842/V.

Samstundes med konsesjonshandsaming av Mauranger 2, går det føre seg ein revisjon av vilkåra i dagens konsesjonar i Maurangervassdraga. NVE har også bedt Statkraft om å gjennomføre tilleggsutgreiingar knytt til vilkårsrevisjonen. Dei er tilgjengelege på NVE si nettside for vilkårsrevisjonen: www.nve.no/8591/V.

Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få synspunkt på dei føreslegne endringane som kjem fram av brev frå Statkraft 11.02.2025. Endringane omfattar flytting av det planlagde utløpet slik at denne blir bygd parallelt med eksisterande utløp, for å redusere skadeverknader for livet i fjorden. Det er vidare foreslått å redusere kapasiteten til det planlagde bekkeinntaket ved Botnane, for å minimere skadeverknader for eit bekkedelta med raudlista naturtype og artar. Statkraft ønskjer også å revurdere marktrykket for tipp



og rigg ved Markjelkevatn, innafor arealinngrepsgrensene, i samråd med landskapsarkitekt før utarbeiding av miljø- og detaljplan.

Vi ønskjer konkrete synspunkt på om dei føreslegne endringane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere ulemper ved gjennomføringa av endringane. Vi presiserer at vi ber om synspunkt på endringane i planane, og ikkje generelle kommentarar til utbygginga. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

For vilkårsrevisjonen ønskjer vi eventuelle merknadar til det nye kunnskapsgrunnlaget.

Tidlegare uttaler ligg framleis med sakane, og bør ikkje bli gjenteke. Det er dei nye forholda me ønskjer attendemelding på nå.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8842/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer [P360 saksnummer] i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer [P360 saksnummer] i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

14.03.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Kvinnherad kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Annie Beret Ås Hovind
Seniorrådgjevar



Godkjent av Håkon Berg Sundet
Seniorrådgiver

Mottakarliste:

STATENS VEGVESEN

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

KVINNHERRAD KOMMUNE

STATNETT SF

Naturvernforbundet i Kvam

Kystverket

BERGEN OG HORDALAND TURLAG

Fiskeridirektoratet

KVINNHERRAD TURLAG

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Gunnar Onarheim

Jarle Knutsson Øvrehus

Sverre Øvrehus

Knut Øvrehus

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ULLENSVANG KOMMUNE

GJERDE JAKOB

Einar Onarheim

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS